

Sakshandsamar:

Øyvind Sunde Høstaker
E-post: Oyvind.Sunde.Hostaker@sfj.no
Tlf.: 95222168

Vår ref.

Sak nr.: 16/3058-44
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

56236/18

Dykkar ref.**Førde**, 07.01.2019

Kulturtanken - Den Kulturelle Skolesekken Norge
Postboks 4261 Nydalen

0401 OSLO

Tilbakemelding - førebels brev om spelemidler skoleåret 2019 - 2020

Vi takkar for godt og spennande samarbeid med konferansen om elevmedverknad og gjennom samarbeidsprosjektet Elevmedvirkning (17/00567).

I DKS-opppdraget til fylkeskommunane og direktetekommunane ligg det m.a. at tilboda i DKS skal bidra til å gjere elevane kjende med begge målformer på norsk, og styrke elevane si forståing av nordiske nabospråk.

I dialogmøtet med Kulturtanken 28.02.18 vart det drøfta om Kulturtanken og Sogn og Fjordane fylkeskommune saman kunne ta eit initiativ der denne føringa vert drøfta og løfta, t.d. gjennom eit samarbeid som m.a. kan innebere ein konferanse der nynorsk og produksjonar på nynorsk i DKS er tema. Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer å ta delansvar for å få dette til og vi vil med dette signalisere at vi vil invitere til ein dialog om dette i nær framtid.

Vi kan m.a. nemne at Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) skal ha landsmøte/konferanse i Førde 6.-7.juni. Dette vil vere eit godt høve til å møte administrative og politiske leiarar i nynorsklandskapet i Norge, og presentere Kulturtanken si satsing på nynorsk for elevar over heile landet.

Vi kjem attende med nærare invitasjon til samarbeid.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Kulturtanken - Den Kulturelle Skolesekken Norge Postboks 4261 Nydalen 0401 OSLO